

Handlingsplan 2013

Hovudmål: Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang

Visjon: Møte mellom menneske

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kultur

Satsingsområde	Tiltak	Ansvar	Samarbeid
1.1. Frivilligsentralen som møteplass	Halde ope tre dagar i veka på Vangstunet. Leggje til rette for aktivitetar i sentralen.	Dagleg leiar / frivillige	Biblioteket
1.2 Arrangement som samlar	Skape arrangement rundt om i bygda som samlar folk på tvers av etablerte grupperingar.	Dagleg leiar / frivillige	Lag / enkeltpersonar m.fl

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

Satsingsområde	Tiltak	Ansvar	Samarbeid
2.1 Koordinering og marknadsføring	Vere bindeledd mellom lag, enkeltpersonar, eksisterande aktivitetar og kommunale instansar. Ha oversikt over alle aktivitetar, bidra til å koordinere, synleggjere og marknadsføre.	Dagleg leiar	Lag, enkeltpersonar, kommunale instansar, Innovangsjon m.fl
2.2 Samhald mellom laga	Leggje til rette for samarbeid. Arrangere felles møte/fest for medlemslaga.	Dagleg leiar	Lag
2.3 Støtteordningar og tilskott	Halde oversikt over og opplyse om aktuelle ordningar for økonomisk støtte og tilskott.	Dagleg leiar	

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

Satsingsområde	Tiltak	Ansvar	Samarbeid
3.1. Eldre og hjelpetrengande	Hjelpeteneste, besøksven og andre tilbod som bidreg til at eldre kan bu og trivast heime lenger.	Dagleg leiar / frivillige	Vangsheimen, psykisk helse m.fl
3.2 Asylsøkjjarar	Skape tilbod som bidreg til integrering og aktivisering. Bidra med informasjon og støtte til å delta på eksisterande tilbod.	Dagleg leiar / frivillige	Biblioteket, lag, flykningekoordinator, mottaket m.fl
3.3 Tilflytta	Velkomstven, vere ein naturleg informasjonsportal og andre tilbod som gjer at dei som kjem til Vang vil bli verande.	Dagleg leiar / frivillige	Innovangsjon, flykningekoordinator, kommunen m.fl
3.4 Barn og unge	Leksehjelp, leseven og andre tilbod som bidreg til at dei føler seg verdsett og som ein del av eit fellesskap.	Dagleg leiar / frivillige	Miljøarbeidar, lag, folkehelsegruppa, skoler, barnehagar, biblioteket, m.fl
3.5 Generelle aktivitetar	Støtte opp om initiativ frå enkeltpersonar til aktivitetar, kurs m.m. Vere ein pådrivar for dei som ønskjer å bidra.	Dagleg leiar	

Møte mellom menneske

Vangstunet, 2975 Vang i Valdres
46 81 64 73 / 61 36 94 25
frivilligsentralen@vang.kommune.no
www.vang.frivilligsentral.no

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

Satsingsområde	Tiltak	Ansvar	Samarbeid
4.1 Synleg	Plakatar i nærmiljøet, annonser og artiklar på nett og i pressa. Ope kontor 3 dagar i veka.	Dagleg leiar	Innovangsjon, menighetsbladet, kommunens heimesider, Avisa Valdres m.fl
4.2 Tilstades	Stille opp på arrangement og oppsøke folk 'der dei er'.	Dagleg leiar / styret	Lag
4.3 Påliteleg	Gje dei frivillige og mottakarane av dei frivillige tenestene gode opplevingar som bidreg til å byggje eit godt omdøme.	Dagleg leiar / frivillige / styret	

Administrative rammevilkår

Satsingsområde	Tiltak	Ansvar	Samarbeid
Dagleg drift	Skrive budsjett, søke om stønad og føre rekneskap. Informere og referere styret.	Dagleg leiar	Kommunen
Utvikling	Kommunikasjon med andre sentralar, møter med nettverksgruppe, kurs.	Dagleg leiar / styret	Andre frivilligsentralar, nettverksgruppe m.fl
Vedtak og endringar	Styremøte etter behov. Årsmøte i mars/april.	Dagleg leiar / styret / årsmøte	
Rapportering	Årsrapport til Kulturdepartementet og årsmøte. Jamleg orientering til Hovedutval for Levekår.	Dagleg leiar / styret	

Vang, april 2013
v/ dagleg leiar

Møte mellom menneske

Vangstunet, 2975 Vang i Valdres
46 81 64 73 / 61 36 94 25
frivilligsentralen@vang.kommune.no
www.vang.frivilligsentral.no